


# FORSLAGSTILLAR SI PLANSKILDING

Datert:09.05.2018



# LINDÅS KOMMUNE

gnr. 81 bnr. 10, 11 og 49 mfl.

Risøy hyttefelt. Arealplan-ID 1263-201604.

## Innhald

<b>1. SAMANDRAG .....</b>	<b>3</b>
<b>2. NØKKELOPPLYSNINGER.....</b>	<b>3</b>
<b>3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET .....</b>	<b>3</b>
<b>4. PLANPROSESSEN.....</b>	<b>5</b>
<b>GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINJER.....</b>	<b>5</b>
<b>6 SKILDRING AV PLANOMRÅDET .....</b>	<b>7</b>
<b>7 UTGREIINGAR I SAMSVAR MED FØRESKRIFT OM KONSEKVENSTUTGREIINGAR.....</b>	<b>11</b>
<b>8 SKILDRING AV PLANFORSLAGET.....</b>	<b>11</b>
<b>9 KONSEKVENSAV AV PLANFORSLAGET .....</b>	<b>14</b>
<b>10 MEDVERKING .....</b>	<b>19</b>
<b>11 FORSLAGSTILLAR SIN AVSLUTTANDE KOMMENTAR .....</b>	<b>19</b>

## **1. SAMANDRAG**

Planområdet omfattar eigedom gnr./bnr. 81/10, 11 og 49 mfl., Risøy, Lindås kommune.

Reguleringsplanen er utarbeidd for Risøy hyttelag. Utførande konsulent for planarbeidet har vore Og Arkitekter AS.

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for fritidsbustadbygging med tilhøyrande infrastruktur som erstattar tidlegare Risøy Strandplan.

## **2. NØKKELOPPLYSNINGER**

Kommune	Lindås kommune
Gnr./bnr.	81/10, 11 og 49 m. fl.
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(d)pl.)	Fritidsbusetnad
Krav om konsekvensutgreiing KU	Nei
Forslagsstillar	Risøy hyttelag
Plankonsulent	Og Arkitekter AS
Ny plans hovudformål	Fritidsbusetnad / Naust
Planrådets areal i daa	ca. 238 daa
Grad av utnytting	BYA=20%
Ant. bueiningar/ (BRA)	35 fritidsbustader
Antal naust	35 stk
Aktuelle problemstillingar (støy, byggehøgder, o. l.)	
Føreligg det varsel om motsegn (j/n)	n
Kunngjering start dato	29.04.2016
Fullstendig planforslag mottatt, dato	
Informasjonsmøte heldt.(j/n)	j

## **3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET**

### **Bakgrunn**


Bakgrunnen for planarbeidet er at Risøy hyttelag ønskjer å leggje til rette for tydelegare rammar for utnytting og bruk innanfor planområdet.





*1 - Oversiktskart*

Strandplan for del av gnr. 81 bnr. 1 og 2, Risøy, vedteken 28.4.1978 er utgått, etter at kommunedelplan for Lindåsosane mm ble vedtatt. Planområdet er eit eksisterande hyttefelt og er ikkje regulert per i dag. Området var tidlegare regulert i Strandplan for Risøy og vart sett ut av kraft med kommunedelplan for Lindåsosane Lygra og Lurefjorden 2013-2023. Denne reguleringsplanen vil være ei oppjustering av plan for området til dagens nivået.



*2 - Risøy Strandplan*

Det er ønske om fortetting av eksisterande eigedomar. Opne opp for bygging av anneks og utviding av eksisterande hytter i tråd med KDP. Reguleringsplanen vil leggje til rette for auka tal på parkeringsplassar og betring av vatn- og avlaup. Reguleringsplanen vil ikkje leggje inn ekstra, nye hyttetomter.

Planen har til hensikt legge til rette for born og leik, med m.a. leikeplass og ballbane; legge til rette for betre badeplass og oppretting av nausttilhøva og flytebrygger. Ein vil ha spreidde parkeringsplassar. Planen legger opp til universell utforming av hovudgangvegar kor det er mogleg. Ein vil kunne køyre delvis inn til eigedomane, men ikkje parkere på eigedomane.

Det er ikkje planlagt nye inngrep i natur/landskap utover eventuelle utvidingar på eksisterande tomter.


#### **4. PLANPROSESSEN**

Oppstartmøte vart heldt med planavdelinga i Lindås kommune 18.02.2014. Planarbeidet vart presentert i årsmøter i Risøy hyttelag den 10.03.2016 og 09.06.2016.

Oppstart av planarbeidet vart varsla naboar og offentlege instansar, samt i avisa Nordhordland 30.04.2016.

##### **Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid Risøy, Lindås kommune / Risøy Hyttelag**

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-8 vert det med dette varsla at det skal setjast i gong detaljregulering for Risøy hyttelag, gnr. 81, bnr. 10, 11 og 49 m. fl., på Risøy i Lindås kommune.



Risøy Hyttelag er tiltakshavar.  
Og Arkitekter AS er utførande konsulent for planarbeidet.

Planområdet ligg på Risøy i Lindås kommune, nordvest fra Knarvik. Området ligg ved privat veg Revatangene på Risøyna. Området er i kommunedelplanen for Lindåsane mm 2011-2023 avsett til fritidsbustad. Planområdet er på ca. 230 daa. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for fritidsbustadbygging med tilhørande infrastruktur som erstatter tidlegare Risøy Strandplan.

Innspel eller merknader kan sendast skriftleg til: Og Arkitekter as, Pb. 24, 5819 Bergen, eller e-post: [post@ogarkitekter.no](mailto:post@ogarkitekter.no). Frist for merknader er sett til **28.05.2016**.

Meir informasjon på <http://varsling.ogarkitekter.no/> risoy eller ved å kontakte Og Arkitekter as ved Pétur B. Magnason, tlf 976 84 811, e-post [petur@ogarkitekter.no](mailto:petur@ogarkitekter.no).



#### **3 – Varslingsannonse**

Ved merknadsfristen sitt utløp 28.05.2016 var det komne inn totalt åtte offentlege fråsegn og eitt privat fråsegn.

### **GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINJER**

#### **Fylkes(del)plan**

Aktuelle fylkes(del)planar for området:


- Fylkesplan for Hordaland, 2012-2016.
- Klimaplan for Hordaland, 2014-2030.
- Fylkesdelplan kulturminne.

- Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2008 – 2012.
- Fylkesdelplan: deltaking for alle – universell utforming.

### **Kommuneplan/ kommunedelplan**

Kommuneplan for Lindås kommune 2011 – 2023, planid: 1263-200815. Vedteken 29.09.2011. Planområdet er avsett til fritidsbusetnad.

Kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023. Vedteken 17.12.2015. I kommunedelplanen er området avsett til fritidsbusetnad.



*4 - Kommunedelplan for Lindåsosane*

### **Reguleringsplan(er)**

Planområdet er ikkje regulert i dag da tidlegare Strandplan vart oppheva i 2015.

Reguleringsplan for Risøy gnr. 81 bnr. 01, planid 1263-200808, Vedteken 04.07.2011 til tilgrensande planområdet i nord og aust.



*5 - Tilgrensande reguleringsplan*

## Eventuelle temaplanar


### Rikspolitiske retningslinjer

- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging.
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming.

## 6 SKILDRING AV PLANOMRÅDET

### Lokalisering

Planområdet er lokalisert på Risøy ved Risasjøen i Lindås kommune, i underkant av 40 km nord for Knarvik som er kommunesenteret i kommunen.




6 - oversiktskart

### Avgrensing

Planavgrensinga følger eksisterande, tilgrensande reguleringsplan. Elles vil ein følge avgrensing av føremålet i kommunedelplanen og med unntak av tilpassing av formåls grensar i sjø som følger naturleg tilkomst med båt.





*7 - Avgrensning av planområdet. Varlingskart frå 2016*

### **Bruk/status av tilstøytande areal**

Planområdet ligg omgitt av sjø i vest. I nordvest ligg område omgitt av eksisterande hytter og naust, med lyng, spreidd vegetasjon og svaberg mot sjøen. I syd er noko det same, men her noko brattare med eit meir markert høgdedrag.

### **Eksisterande busetnad**

Innanfor planområdet er det 34 eksisterande hytter samt naust. Hyttebygginga som vart gjort på Risøy kring 1980 er spreidd og ligg godt tilrettelagd i landskapet.



*8 - Skråfoto av planområdet*

### **Topografi/landskapstrekk**



Topografien er prega av nokså små høgdeskilnader, noko som generelt sett karakteriserer øy-, holme- og skjergardlandskapet langs kysten i området. Bergensbogane set hovudretninga for holmar, åsar og sund og skapar eit særsmåskala landskap. I strandsona ligg naust godt tilpassa landskapet og byggetradisjon.

Typisk nøsterekke med 5 til 6 nøst på Risøy, Risasjøen - Lindås



### **Soltilhøve**

Planområdet ligg ope til utan nærleik til høg vegetasjon eller høge/store bygg og har såleis gode soltilhøve.

### **Vegetasjon, dyreliv og andre naturtilhøve**

Vegetasjonen i planområdet er prega av open fastmark. Snau hei- og myrvegetasjon i mosaikk med små og store vassflater er framleis dominerande trass omfattande gjengroing i

planområdet og rundt. Lynghei har stor utbreiing i kystsona av planområdet. Denne vegetasjonstypen har oppstått gjennom lang tid med lyngbrenning, beite og slått. Innanfor planområdet i sør finne ein og myrområde.

### **Grøne interesser**

Det er ikkje registrert områder i planområdet som vert nytta av barn og unge. Langs sjøen i planområdet er det fleire stader som er eigna for bading, fising og leik.

### **Kulturminneverdiar**

Det er ikkje kome fram opplysingar som tilseier at det finnes viktige kultur- og fornminne i planområdet.

### **Veg og trafikktilhøve**

Tilkomstveg til planområdet går via fylkesveg 416/Risasjøvegen like øst for planområdet. I Statens vegvesen sin vegdatabank er det oppført ein ÅDT på 400 for fylkesvegen. Veggen har fartsgrense 50 km/t.

### **Støy**

Planområdet er ikkje kjend som eit støyutsett område.

### **Offentleg kommunikasjon/ kollektivdekning**

Næraste busshaldeplass er Lauvås kryss som ligg 4,3 km aust for planområdet. Her går buss nr 300. Den har åtte avgangar på kvardagar frå kl 7:16 til kl 22:18 frå Knarvik skystasjon som ligg sør aust frå planområdet. På laurdager er det seks avgangar fra kl. 8:11 til kl. 16:50 frå Knarvik skystasjon og på søndagar er det 7 avgangar fra kl. 9:48 til kl. 23:48. Bussturen til Knarvik skystasjon tek ca. 40 min.

### **Vatn og avløp**

Det er private VA-løysingar i området. Det finnes ein eksisterande septiktank innanfor planområdet. Offentleg vassleidning frå Rota vassverk kommer med privat leidning inn i planområdet. Det er god kapasitet på vatn- og avløpsleidingar og det trengs ikkje utbetring av kommunaltekniske anlegg.

### **Energi**

Elektrisk kraft vert henta frå høgspenlinje sør-aust i planområdet som vert ført vidare til tomtene.

### **Privat og offentleg servicetilbod**

Næraste matvarebutikk ligg i Lindås senter i underkant av 10 km sør av planområdet og Kaland senter som ligger ca 10 km nord av planområdet. Her finn ein eit større tilbod av bode private og offentlege tenester.

### **Privatrettslege bindingar**

Det ligg føre avtale mellom felleseige som er eigd av hytteeigarane, og bruksløyve knytt til gardsdrift i området.


## **7 UTGREIINGAR I SAMSVAR MED FØRESKRIFT OM KONSEKVENsutGREIINGAR**

Ikkje aktuelt.

## **8 SKILDRING AV PLANFORSLAGET**

### **Innleiing**

Innanfor planområdet har det vore fritidsbustader dei siste 40 år. Det er 34 eksisterande fritidsbustader og naust. Planen opnar for anneks og utviding av eksisterande hytter. Reguleringsplanen vil legge til rette for auka tal på parkeringsplassar og betring av vatn- og avlaup. Reguleringsplanen vil ikkje leggje inn ekstra, nye hyttetomter.



*9 - Plankart*

## Reguleringsformål

Føremål	føremålnevnning	Totalt areal
<b>§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg</b>		<b>50304,6</b>
Fritidsbusetnad (35)	BFR	45263,5
Energianlegg	BE	48,7
Avløpsanlegg	BAV	32,0
Uthus/naust/badeplass (8)	BUN	3964,7
Leikeplass	BLK	995,5
<b>§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>		<b>9608,3</b>
Veg (7)	SV	3663,9
Gangveg/gangareal (27)	SGG	4450,2
Kai	SK	139,7
Parkeringsplassar (8)	SPA	1354,5
<b>§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur</b>		<b>86124,1</b>
Friområde (30)	GF	86124,1
<b>§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift</b>		<b>70460,1</b>
LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (34)	L	70460,1
<b>§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, men tilhøyrande strandsone</b>		<b>21842,2</b>
Farleier (8)	VF	7460,4
Småbåthamn (7)	VS	12524,2
Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (4)	VFS	1857,8
<b>Totalt alle kategoriar</b>		<b>238339,6</b>

## Byggeformål

Byggeføremål	
Reguleringsføremål	Fritidsbustader
Areal	45,26 daa
Tal på fritidsbustader og naust	35 fritidsbustader og 35 naust
Byggehogde	6 meter gesimshogd, 9 meter mønehogd
BYA	Maks. BYA=20%
Parkeringsplassar	70


## Bustader og anlegg

I planområdet ligg det 34 eksisterande bustader som vert brukt som fritidsbustader. I tillegg til dei er det ei ubyggd fritidsbustad tomt. Maks gesimshogd er 6 m og maks mønehogd er 9 m målt frå lågaste terrengpunkt. Bygd areal kan ikkje overstige BYA=20%. All busetnad skal ha en stadtilpassa arkitektur til området og områdets byggeskikk. Busetnaden skal tilpassast landskapet.



### Lek/oppholdsareal ute

Det er sett av eige areal for lek f\_BLK1 ved f\_SPA1 i planområdet. Arealet er på 996 m<sup>2</sup>, og kan utformast med t.d. ballbinge og leikeapparat for småborn. Plasseringa gjer at det er lett for dei vaksne å fylgje med på borna sin lek på leikeplassen. I tillegg leikar ungane innanfor heile felles området med dei tilboda som nærområdet elles tilbyr.



10 – Utsnitt av reguleringsplan som syner mogleg utforming av leikeområdet.

### Parkering/garasje(r)


For kvar fritidsbustad skal det setjast av to parkeringsplassar. Desse kan løysast f\_SPA1-f\_SPA8.

Felt	p-plasser
f_SPA1	18
f_SPA2	9
f_SPA3	12
f_SPA4	8
f_SPA5	8
f_SPA6	2
f_SPA7	6
f_SPA8	7
<b>Til saman</b>	<b>70</b>

### Trafikkareal

- f\_SV1 er eksisterande privatveg som går gjennom planområdet i aust.
- f\_SV2 er tilkomstveg til fritidsbustadene med ei bredde på 3,5 meter.
- f\_SV3, 4, 6 og 7 er tilkomstvegar til fritidsbustadene med ei bredde på 2,5 meter
- f\_SV5 er regulert for å gje tilkomst for landbruk i felles friområde, samt tilkomst til leikeområdet f\_BLK.
- f\_SGG er sti/tilkomstvegar til fritidsbustadene med ei maks bredde 1,5 som leier ned til naust og småbåtanlegg
- f\_SK er felle kaiområde med slipp for mindre båtar.

Adkomstveg fylkesveg 416, Risasjøvegen, frå vegkryss rett etter Risøybrua til planområdet blir søkt om å senke fartsgrensen frå 50 km/t til 30 km/t for å auke trafikksikkerhet.



*Figur. Fartsgrensa – situasjon i dag*



*Figur. Fartsgrensa – forslag til endring*

### **Støytiltak**

Området er ikkje særleg støyutsett.

### **Avfallshandtering/miljøstasjon**

Planen legg ikkje opp til endra løysingar for henting av avfall enn slik det vert gjort i dag. Det er konteinar for restavfall og ein for farleg avfall 60 m fra adkomstveg til planområdet. NGIR hentar boss i Lindås. Planområdet ligg i bossrute sone 8.

### **Risiko og sårbarheit**

Det er ikkje knytt spesiell risiko til området.

## ***9 KONSEKVENSAR AV PLANFORSLAGET***

### Overordna planer og vedtak

Planforslaget er i hovudsak i samsvar med kommuneplan. I planforslaget er det er nokre mindre justeringar av naust og småbåthamn i høve kommunedelplanen. Elles vil forslaget vere i samsvar med kommunedelplanen.

### Eksisterande reguleringsplanar

Planframlegget følgjer hovudsakeleg same formål som ligg for området i tidlegare Risøy Strandplan frå 1976 (seinare revidert i 1977) er oppheva og vert erstatta med denne planen.

### Estetikk

Oppføring av tiltak innanfor planområdet skal gjerast på ein skånsam måte med minst mogleg inngrep i natur.

### Konsekvensar for naboar

Planforslaget får ikkje vesentlege konsekvensar for naboane. Den ubygde fritidstomta ligg i god avstand til eksisterande nabo bygg.

### Trafikk- og parkeringsforhold

Det skal avsettast to parkeringsplassar for kvar fritidsbustad. Det er sett av plass for dette innanfor f\_SPA1-f\_SPA8

Med å søke om senking av fartsgrensa frå 50 km/t til 30 km frå vegkryss rett etter Risøybrua, FV 416 til veg Revatangene, til planområdet, vil det auke trafikksikkerheten i og til planområdet.

### Kulturminne

Det er ikkje registrert kulturminne eller marine kulturminne i området.

### Friluftaktivitet, naturområde, born og unge sine interesse i nærmiljøet

Etablering av leikeplass innanfor planområdet. Vestleg del av planområdet med strandsona ligg innanfor det regionale friluftsområde. Planframlegget vil ikkje føre til endring i forhold til det å kunne nytte seg av friluftsområda/naturområda i eller nær planområdet. Born og unge sine interesser i planområdet vert betra.

### Privat og offentlege servicetilbod

Ingen konsekvensar.

### Risiko og sårbarheit

Lindås kommune vedtok metode og akseptkriterier i 2011.

	Konsekvens		K1 Ufarleg	K2 En viss fare	K3 Alvorleg	K4 Kritisk	K5 Katastrofalt
SANNSYNLIGHET	Ei eller fleire hendingar per år.	S5					
	Ei hending per 1 – 5 år	S4					
	Ei hending pr 5 – 10 år	S3					
	Ei hending per 10 – 100 år	S2					
	Mindre enn ei hending per 100 år	S1					

Sannsyn	Definisjon
S5 Svært sannsynleg	Ei eller fleire hendingar per år.

S4 Veldig sannsynleg	Ei hending per 1 – 5 år
S3 Sannsynleg	Ei hending per 5 – 10 år
S2 Mindre sannsynleg	Ei hending per 10 – 100 år
S1 Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 100 år

Konsekvens		Menneske sine liv og helse	Miljø	Materielle verdier / økonomi
<b>Katastrofalt</b>	K5	Meir enn 1 død, eller fleire enn 10 alvorleg skadde/sjuka	Varig skade på miljø	Skadar for meir enn kr 50.000.000
<b>Kritisk</b>	K4	Inntil 1 død, eller fare for inntil 10 alvorleg skadde personar	Omfattande og langvarige miljøskade som krev større tiltak.	Skadar mellom kr 5.000.000 – 50.000.000
<b>Alvorleg</b>	K3	Alvorleg personskade på en eller fleire personar.	Moderate skadar på miljø, eller skader som krev mindre tiltak.	Skadar mellom kr 500.000 – 5.000.000
<b>Ein viss fare</b>	K2	Mindre skader som treng medisinsk behandling.	Mindre skadar på miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort tid.	Skadar mellom kr 50.000 – 500.000
<b>Ufarleg</b>	K1	Ingen eller små personskadar.	Ingen eller uvesentleg skade på miljø.	Skadar for inntil kr 50.000

### Vurdering av risiko og sårbarheit:

Emne M/ datakjelde	Hending/Situasjon	Aktuelt	Liv og Helse	Miljø (jord, vann og luft)	Økonomiske/materielle verdier	Tiltak/vurdering
<b>Naturrisiko</b>						
<b>Ekstremvær</b>	1.) Sterk vind	Ja	S4/K1	S4/K1	S4/K1	Planområdet er ikkje særleg utsett for vind, men det kan førekomma og bygga må utformast for å tåla vindpåkjenning.
	2.) Store nedbørmengder	Nei				Store nedbørmengder kan førekome, men vil i liten grad få konsekvensar i planområdet
	3.) Inversjon	Nei				Planområdet er ikkje utsett for inversjon
<b>Skredfare</b> www.miljøstatus.no http://skredatlas.nve.no www.geo.ngu.no /Ingeniør geologisk vurdering i planområdet http://geo.ngu.no/kart/losmasse/	4.) Steinsprang	Nei				Ikkje aktuelt
	5.) Snø-/isras	Nei				Ikkje aktuelt
	6.) Flaumskred	Nei				Ingen kjent sone for aktsamheit
	7.) Lausmasseskred / kvikkleire	Nei				Ingen kjent sone for aktsamheit
	8.) Naturlege terrengformasjonar som utgjør fare (stup etc)	Nei				Ingen kjent sone for aktsamheit
<b>Flaumfare, springflo</b> /VA rammeplan for området www.nve.no	9.) Elveflaum	Nei				Ingen kjent sone for aktsamheit
	10.) Tidevassflaum, stormflo	Ja	S3/K1	S3/K1	S3/K2	Planområdet ligg med grenser til sjø og kan såleis vere utsett for spring-/stormflo. Området ligg bra skjerma i høve vind og bølger. Men med hyppigare ekstremvær kan det vere fare for stormflo. Avbøtande tiltak ingen
	11.) Havnivåstigning	Ja	S3/K1	S3/K1	S3/K2	Planområdet ligg med grenser til sjø og kan såleis vere utsett for havstigningsnivå. Naustområde ligg bra i forhold til



	12.) Nedbørutsett / overvassproblematikk					
Radon <a href="http://www.nrpa.no">www.nrpa.no</a> <a href="http://www.ngu.no">www.ngu.no</a>	13.) Radongass i bygg	Nei				Ifølge miljøstatus.no og NGU sine database har planområdet «moderat til lav» radon aktsemd.
<b>Sårbare naturområde og kulturmiljø mm</b>						
Plante- og dyreliv <a href="http://www.dirnat.no">www.dirnat.no</a>	14.) Sårbar flora	Nei				Ingen sårbare arter registrert i naturbase
	15.) Sårbar fauna/fisk	Nei				Ingen sårbare arter registrert i naturbase
Kulturmiljø <a href="http://www.kulturminnesok.no/">http://www.kulturminnesok.no/</a>	16.) Naturvernområde	Nei				Ingen registrert eller påvist.
	17.) Vassdragsområder	Nei				Ingen registrert eller påvist.
<a href="http://www.miljostatus.no/kart">http://www.miljostatus.no/kart</a>	18.) Automatisk freda kulturminne	Nei				Det finnes ingen registreringar i planområdet for automatisk freda kulturminne.
	19.) Nyare tids kulturminne/ -miljø	Nei				Det finnes ingen registreringar i planområdet for nyare tids kulturminne.
	20.) Viktige landbruksområde (både jord-/skogressursar og kulturlandskap)	Nei				Ingen registrert eller påvist.
	21.) Parker og friluftsområde	Nei				Ingen registrert eller påvist.
<b>Teknisk og sosial infrastruktur</b>						
Trafikktryggleik	22.) Ulykke i av/påkøyring	Ja	S3/K2	S3/K1	S3/K1	Det er 50 km/t fartsgrensa frå Risøyvegen til vegkryss rett etter ein kjem over brua til Risøy. Det er manglande oversikt i krysset. Det blir søkt om å senke fartsgrensa til planområdet ti 30 km/t
<a href="http://www.vegvesen.no">www.vegvesen.no</a> <a href="http://www.vegdata.no">www.vegdata.no</a>	23.) Ulykke, med gåande/ syklande	Nei				Inga kjent risiko
	24.) Ulykker ved gjennomføring av anlegg / utbygging	Nei				Ingen kjent risiko
	25.) Jernbane	Nei				Ikkje aktuelt. Ikkje jernbane i området
	26.) Ulykke med farleg gods til/frå eller ved planområdet	Nei				Ingen registrering av transport av farleg gods i eller ved planområdet
	27.) Veg, bru, knutepunkt	Nei				Se punkt 22. ang. fartsgrensa og tilkomst frå bru til planområdet.
	28.) Gang- og sykkelveg	Nei				
	29.) Hamn, kaier, farleier	Nei				
	30.) Sjukehus/-heim, andre inst.	Nei				
	31.) Brann/politi/ambulanse/sivilforsvar(tid ved utrykking mm)	Ja	S2/K3	S2/K3	S2/K3	Planområdet ligg 35,4 km unna brannstasjon på Ikenberget. Se punkt 43. ang. lyngbrann.
	32.) Kraftforsyning	Nei				Ingen kjent risiko
	33.) Vassforsyning	Nei				Ingen kjent risiko
	34.) Forsvarsområde	Nei				Ikkje aktuelt
<b>Verksemd risiko</b>						
	35.) Kjelder til akutt forureining i/ved planområdet	Nei				Ingen kjent risiko
	36.) Tiltak i planområdet som	Nei				Ingen kjent risiko

	fører til fare for akutt forureining					
	37.) Kjelder til permanent forureining i/ved planområdet	Nei				Ingen kjent risiko
	38.) Tiltak i planområdet som fører til fare for forureining til grunn eller sjø/vassdrag	Nei				Ingen kjent risiko
	39.) Forureina grunn	Nei				Ingen kjent risiko
	40.) Kjelder til støybelastning i/ved planområdet (inkl. trafikk)	Nei				Ingen kjent risiko
	41.) Planen/tiltaket medfører økt støybelastning	Nei				Ingen kjent risiko
	42.) Høgspenline (elektromagnetisk stråling)	Nei				Det går ein luftline søraust til planområdet, som ikkje kjem i konflikt.
	43.) Skog-/lyngbrann	Ja			S2/K3	Planområdet ligg svakt hellande ned mot sjøen. Det er delvis omkransa av lyngheivegetasjon. Ved tørt ver kan lyngbrannfaren verte stor. I kombinasjon med vind kan situasjonen verte farleg. Dersom det byrjar å brenne i vegetasjonen i planområdet vil dette kunne true husa innanfor planområdet og i verste tilfelle kan dei ta fyr.
	44.) Brot i demning	Nei				Ingen kjent risiko
	45.) Regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is, endringar i vasstand mm.	Nei				Ingen kjent risiko
	46.) Gruver, opne sjakter, steintippar etc.	Nei				Ingen kjent risiko
	47.) Risikofylt industri mm (kjemikaliar/eksplosi var osv)	Nei				Ingen kjent risiko
	48.) Område for avfallsbehandling	Nei				Ingen kjent risiko
	49.) Oljekatastrofeområde	Nei				Ingen kjent risiko
	50.) Andre ulykkespunkt langs veg eller bane	Nei				Ingen kjent risiko
	51.) Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terroremål?	Nei				Ingen kjent risiko
	52.) Er det potensielle sabotasje-/terroremål i nærleiken?	Nei				Ingen kjent risiko
	53.) Skipsulykker	Nei				Ingen kjent risiko

### Avdekkja risiko:

ROS-analysen viser at det er knytt risiko for stormflo, havnivåstigning, lyngbrann og ulykke i av/påkøyring. Stormflo og havnivåstigning er vurdert som potensiell risiko for naustområde, men plassering av naust og anlegg på land er tilstrekkeleg så det vil ikkje være stor risiko.

Med omsyn til potensiell risiko for lyngbrann og lang avstand til nærmaste brannstasjon vil ein ha fokus på branntryggleiken og god tilkomst for utrykkingskøyretøy i området som vil redusere

konsekvensen av ein eventuell brann slik at ein kjem innanfor akseptabel risiko. Totalforbod mot bruk av open eld i tørkeperiodar vil og gjere sannsynet for at brannar oppstår mindre.

Tilkomstveg utanfor planområdet når ein kjem frå vegkrysset ved Risøybrua har fartsgrensa på 50 km/t. Her er det knytt potensiell risiko for ulykke i av/påkøyring pga manglande oversikt. Her blir det søkt om å senke fartsgrensa til planområdet til 30 km/t.

#### **Konsekvensar for næringsinteresser**

Ingen konsekvensar

#### **Juridiske/ økonomiske konsekvensar for kommunen**

Ingen kjente forhold

### ***10 MEDVERKING***

Det er halde eit informasjonsmøte for naboar og rørde partar den 10.03.16 og 09.06.16. med informasjon om planane for utbygging. I møtet var det var rom for spørsmål og innspel.

### ***11 FORSLAGSTILLAR SIN AVSLUTTANDE KOMMENTAR***

Planen er i dag tilrettelagt til tidlegare reguleringsplan Strandplan Risøy. Det er få endringar frå dagens status og planen er i hovudsak tilrettelagt for å ivareta hyttefeltet slik tidlegare Strandplan Risøy var fram til han vart oppheva med den nye kommunedelplanen. Planforslaget er i samsvar til overordna plan Kommunedelplan Lindåsosene, Lygra og Lurefjorden. Intensjonen med planforslaget er å ivareta føreseiing for det etablerte hyttefeltet.